



KULTURRÅDET  
Arts Council  
Norway



Kreativt  
Europa  
Kultur



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

## Kreativt Europa.

Kulturrådet og Hordaland fylkeskommune inviterer kulturaktører på Vestlandet til informasjonsmøte, prosjektverkstad og individuell rettleiing om EU-programmet Kreativt Europa:

### Torsdag 13.september

Informasjonsmøte 10.00 – 11.30

Prosjektverkstad 12.30 – 15.00

Stad: UROM, 2. etasje, Bergen offentlige bibliotek

### Fredag 14.september

Individuelle møte/rettleiing

Stad: Fylkeshuset møterom 7.etg.

EU- programmet Kreativt Europa gir støtte til samarbeid og utveksling mellom europeiske kunst-, kultur- og kulturaktører. Det er allereie ei rekke aktører på Vestlandet som har fått støtte frå programmet, og i dette kurset vil du få høyre erfaringar frå nokon av desse, samt frå Kulturrådets medarbeidarar Thea Breivik og Per Dehlin.

De kan melde dykk på ein, to eller alle tre delane.

## Programmet

### 13. september kl. 10.00 – 11.30:

#### Kurs 1: Bli kjent med EUs kulturprogram

Her vil du bli kjent med EUs kulturprogram Kreativt Europa og høyre erfaringar frå vestlandsbaserte organisasjonar som har erfaring med å delta i programmet. Dette informasjonsmøtet er ope for alle og kurset passer for kulturaktører uavhengig av kunstform, som er interessert i å arbeide med europeiske partnerar.

- Informasjon om Kreativt Europa-programmet
- Erfaringar frå organisasjonar/aktører frå Hordaland som har delteke i programmet:
  - o Bergen offentlige bibliotek med programmet *Turn on literature*
  - o Bergen internasjonale teater ved teatersjef Sven Åge Birkeland med programmet *Advancing Performing Arts Project - Performing Europe 2020*.
  - o Bergen Senter for Elektronisk kunst ved dagleg leiar Anne Marthe Dyvi med programmet *Future DiverCities*
- Spørsmål og samtale

### 13. september kl 12.30 – 15.00:

#### Kurs 2: Prosjektverkstad

Verkstadsbasert kurs for dei av dykk som er noko kjent med programmet, har ein prosjektidé og evt. er i gang med å utvikle eit prosjekt.

Deltakarane bør sende inn eit uforpliktande prosjektutkast på førehand, og vil kunne presentere sitt prosjekt gjennom ein 3 minuttars presentasjon. Gjennom å lytte til andre kulturaktørar, vil det også vere mogleg å sjå linkar til andre kulturaktørars prosjekt. Dette er ein glimrande arena for å knyte kontaktar og for å få tilbakemelding på prosjektidéar.

Prosjektutkastet sendast til kontaktperson i Kulturrådet og Fylkeskommunen seinast ei veke før kurset.

#### **14. september: Open dag – individuell rettleiing**

Thea Breivik og Per Dehlin frå Kulturrådet vil vere tilgjengelege for individuelle samtalar og rettleiing mellom kl. 09.00 - 15.00

Du kan teste ut ein prosjektidé, få konkret tilbakemelding om ditt prosjekt, eller få veiledning i søknadsskriving. Send ein e-post til [Per Dehlin](mailto:per.dehlin@kulturradet.no) for å lage ein avtale.

#### **Påmelding**

De kan melde dykk på ein, to eller alle tre delane. Påmeldingsfrist er 5.september, men det er avgrensa tal på plassar og det kan då verte fullt før påmeldingsfristen er ute.

Påmelding til kurs 1 og/eller til kurs 2 skjer til Hordaland fylkeskommune:

<https://www.hordaland.no/nn-NO/kalender/kreativt-europa/>

Interesse for Open dag sendes til Per Dehlin [per.dehlin@kulturradet.no](mailto:per.dehlin@kulturradet.no)

Meir om Kreativt Europa-programmet - brosjyre :

<https://www.kulturradet.no/documents/10157/30bea7fd-fb97-4f17-ba51-d4ac272a2458>